



MØTEBOK

UTVAL:	VILLREINEMNDA FOR SETESDALSOMRÅDET
MØTESTAD:	Sølv garden Hotell, Rysstad
DATO:	18.11.2015
TIDSPUNKT:	12:30 – 14:00

FASTE MEDLEMMAR TILSTADES:

Margit Smeland	Leder	ÅMLI
Olav Tveita	Medlem	ODDA
Anne Helen Jupskås	Medlem	TOKKE
Margit Dale	Medlem	VALLE
Marit Taksdal	Medlem	BYGLAND
Torbjørn Fjermestad	Medlem	GJESDAL
Leif Roholdt	Medlem	KVITSEID
Geir Christian Enger	Medlem	NISSDAL
Helge M. Tonstad	Medlem	SIRDAL
Tina Dyrstad Fossdal	Medlem	KVINESDAL
Margareth Gjose Larsen	Medlem	FORSAND

FASTE MEDLEMMAR IKKJE TILSTADES:

Ola Sukka	Nestleder	SULDAL
Margrete Handeland	Medlem	HÆGEBOSTAD
Tordis Breivik	Medlem	FYRESDAL
Kay Jeiskelid	Medlem	BYKLE
Lill Laugaland	Medlem	HJELMELAND
Bertin Bjåen	Medlem	VINJE
Oddmund Ljosland	Medlem	ÅSERAL

VARAMEDLEMMAR:

Audun Rossevatn	For Margrete Handeland	HÆGEBOSTAD
Saamund Gjersund	For Tordis Breivik	FYRESDAL
--	Kay Jeiskelid	BYKLE
--	Lill Laugaland	HJELMELAND
--	Bertin Bjåen	VINJE
--	Oddmund Ljosland	ÅSERAL

ANDRE:

Jørn Haug	Sekretær
Tor Punsvik	Fylkesmannen i Vest-Agder
Reidar Sandal	SNO
Peter Hermansen	SNO

MERKNADER TIL SAKSLISTE/INNKALLING:

Ingen merknader.

Åseral, 24. november 2015

for Villreinnemnda for Setesdalsområdet

SAKLISTE

Utvalsnr.:	Innhold:	Lukka:
PS 15/19	Referatsaker	
PS 15/20	Høyring av forslag til endring i motorferdsellova - opning for catskiing	
PS 15/21	Eventuelt	



HØYRING AV FORSLAG TIL ENDRING I MOTORFERDSELLOVA - OPNING FOR CATSKIING

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
	2015/597	Jørn Trygve Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
15/21	Arbeidsutvalet i villreinnemnda	17.11.2015
15/20	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	18.11.2015

Vedlegg:

- 1 Høring av forslag til endring i motorferdselloven og forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på silagte vassdrag - åpning for catskiing

Bakgrunn:

På oppdrag frå Klima- og miljødepartementet har Miljødirektoratet (MD) utarbeida eit høyringsbrev med forslag til endring i lov om motorferdsel i utmark slik at catskiing kan bli tillate innafor visse rammer.

Aktiviteten catskiing går ut på å transportere folk opp i fjellet med tråkkemaskin (tyngre beltekjøretøy med vekt over 400 kg), slik at desse kan renne ned på ski utanfor preparerte alpinbakker. Dette som alternativ til skiheis eller å gå opp sjølv. Av høyringsbrevet går det fram at bruk av tråkkemaskin e.l. for å transportere turister eller andre inn i fjellheimen for andre føremål, vil falle utanfor definisjonen som er lagt til grunn i høyringa.

MD syner til at motorferdsellova § 4a, andre ledd og forskrifta § 4a bare gjeld løyper for snøscooterkjøring (rekreasjonskjøring). For å opne for catskiing foreslår MD at nemnde bestemningar vert tilført eit nytt ledd slik at det vert opna for at kommunane gjennom forskrift vert gjeven moglegheit til å fastsette løyper som kan nyttast til persontransport med tyngre kjøretøy for alpin skikjøring (catskiing).

For fastsetting av lokal forskrift for catskiing foreslår MD at det vert lagt til grunn dei same rammene som for snøscooterløyper for rekreasjonskjøring. Det betyr mellom anna at det ikkje skal opnast for aktiviteten i verneområde, foreslåtte verneområde eller nasjonale villreinområde. Vidare er det ein føresetnad at det vert teken omsyn til naturmangfoldet ved fastsetting av område for denne aktiviteten.

Av forslaget går det fram at aktiviteten gjeld *alpin skikøyring*, ikkje løyper som bare har som mål å transportere skiturister til gode utgangspunkt for skiturar i fjellet. Vidare at aktiviteten er knytt til turist- og reiselivsnæring dvs. i ervervsverksemd i reiselivsnæringa. Det skal såleis ikkje opnast for at enkeltpersonar eller friviljuge lag og foreiningar nyttar løypene med motorkjøretøy.

MD forslår i høyringsbrevet to alternativ til endring i forskrift. Alternativ 1 opnar bare for catskiing knytt til eksisterande alpinanlegg og der det vert forutsett at løypene startar i tilknytning til alpinanlegget. Alternativ 2 opnar og for at andre område kan takast i bruk.

For baa alternativ går det fram at bruk av løypene ikkje er tillate etter 5. mai.

Høyringsfrist i saka er sett til 18. desember 2015

Vurdering:

I arbeidet med dei regionale planane for villreinfjella har styring og kanalisering av ferdsel vore eit sentralt tema. I tråd med dette er det i *Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei* (Heiplanen) lagt inn føringar om utarbeiding av kommunale sti- og løypeplanar. Slike planar er eit viktig grep for å sikre at ferdsel skjer i område og til tider på året der ferdsel ikkje verkar negativt inn på villreinens bruk av områda. Særleg viktig er dette i sentrale vinterbeiteområde og i kalvingsområde.

Med endringa i motorferdsellova m/forskrift slik det nå vert foreslått ligg det eit potensiale for å opne nye innfartsårer til heiområda, og uavhengig av kommunale sti- og løypeplanar. For baa alternativ er det vanskeleg å sjå føre seg at aktiviteten i praksis vert avgrensa til alpin skikøyring, og der ein ferdast ned i om lag same område som ein vart trekt opp. Ein står da i fare for å ha opna for monaleg ferdsel på ski inn i område som det ut frå villreinomsyn ikkje er tilrådeleg å styre ferdsla. Sjølv om løyper for catskiing ikkje skal lokaliserast i nasjonale villreinområde vil det ofte vera slik at grensa for desse områda ofte vil vera i endepunktet for der ein da trekk opp folk for catskiing. Desse problemstillingane synast ikkje å vera omtala i MD sitt høyringsbrev.

Det er nyleg vedteken endring i aktuelle forskrift for etablering av snøscooterløyper for rekreasjonskøyring. Det er gjeve relativt strenge føringar for kor slike kan lokaliserast og der ferdsla vil skje langs traseane og utanom nasjonale villreinområde. Likevel kjem ein vanskeleg utanom at denne endringa, saman med det som nå vert foreslått mht. catskiing, legg til rette for monaleg auka motorisert tilgang til fjellområda. Ei klar tilråding må vera at ein først gjer seg erfaringar med snøscooterløyper før ein eventuelt opnar for ytterligare motorisert aktivitet inn i fjellområda. MD skriv da og i sitt høyringsbrev at *«Ettersom regelverket for snøskuterløyper kun har hatt virkning i kort tid har direktoratet ikke grunnlag for å si noe om kommunenes erfaringer med disse prosessene, og heller ikke hvordan hensynet til den samlede belastningen på tvers av kommunegrenser er ivaretatt. Det er derfor usikkerhet knyttet til hvordan kommunens planlegging av løyper fungerer i praksis»*

Ut frå argumenta nemnd over kan ein vanskeleg tilrå nokon av dei skisserte alternativa. Likevel synast alternativ 1 å vera noko betre da ein har avgrensa aktiviteten til eksisterande alpinanlegg. Likevel vil det og her ligge ein usikkerhei i korleis ein i praksis vurderer formuleringa om at løypene skale vera med *«..utgangspunkt i eksisterende alpinanlegg..»* Ein kan køyre ganske langt med eit slik utgangspunkt. Ved val av alternativ 2, dvs at det og vert opna for løyper utanfor etablerte alpinanlegg vil omfanget av aktiviteten kunne bli monaleg. I høyringsbrevet

peikar da og MD på at kostnadane ved å starte opp tilbodet er moderate også utanfor alpinanlegg og der betalingsvilligheita mogleg er høg.

Uavhengig av val av alternativ må det vesentlege vera kor endepunktet for slike løyper er og kva aktivitet det i praksis opnar for vidare inn i fjellområda.

Framlegg til uttale:

Villreinnemnda syner til høyringsbrev frå Miljødirektoratet datert 29.10.2015. Villreinnemnda har følgjande merknadar i saka:

- *Endringa i motorferdsellova m/forskrift slik det nå vert foreslått vil kunne opne nye innfartsårer til fjellområda uavhengig av kommunale sti- og løypeplanar. Inga av dei to alternativa som er foreslått sikrar i tilstrekkeleg grad at aktiviteten vert avgrensa til alpin skikøyring og der aktiviteten vert avgrensa til køyring ned i dei same områda som folk vert trekt opp.*
- *Opning for catskiing, i tillegg til tidlegare endring som er gjort i høve til snøcooterløyper for rekreasjonskøyring, opnar for ein monaleg auka motorisert tilgang til fjellområda. Villreinnemnda ber om at ein først gjer seg erfaringar med snøscooterløyper før ein eventuelt opnar for ytterligare motorisert aktivitet. Villreinnemnda syner her til høyringsbrevet der det går fram at det ikkje er grunnlag for å si noe om korleis omsynet til den samla belastninga på tvers av kommunegrenser vert ivaretatt gjennom regelverket for snøscooterløyper.*

Ut frå nemnde punkt og argument i saka vil villreinnemnda ikkje tilrå at det vert opna for catskiing. Om det likevel er ønskjeleg å legge til rette for dette må det arbeidast vidare med alternativ 1, men der ein må avklare korleis ein i praksis skal avgrensa aktiviteten til alpin skikøyring og med nedfart i same område som folk vert trekt opp. Vidare vil det vera trong for eit utdjuping av kva som ligg i omgrepet «...med utgangspunkt i eksisterande alpinanlegg»

Saksprotokoll i Arbeidsutvalet i villreinnemnda - 17.11.2015

Framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Villreinnemnda syner til høyringsbrev frå Miljødirektoratet datert 29.10.2015. Villreinnemnda har følgjande merknadar i saka:

- *Endringa i motorferdsellova m/forskrift slik det nå vert foreslått vil kunne opne nye innfartsårer til fjellområda uavhengig av kommunale sti- og løypeplanar. Inga av dei to alternativa som er foreslått sikrar i tilstrekkeleg grad at aktiviteten vert avgrensa til alpin skikøyring og der aktiviteten vert avgrensa til køyring ned i dei same områda som folk vert trekt opp.*

- *Opning for catskiing, i tillegg til tidlegare endring som er gjort i høve til snøcooterløyper for rekreasjonskøyning, opnar for ein monaleg auka motorisert tilgang til fjellområda. Villreinnemnda ber om at ein først gjer seg erfaringar med snøscooterløyper før ein eventuelt opnar for ytterligere motorisert aktivitet. Villreinnemnda syner her til høyringsbrevet der det går fram at det ikkje er grunnlag for å si noe om korleis omsynet til den samla belastninga på tvers av kommunegrenser vert ivaretatt gjennom regelverket for snøscooterløyper.*

Ut frå nemnde punkt og argument i saka vil villreinnemnda ikkje tilrå at det vert opna for catskiing. Om det likevel er ønskjeleg å legge til rette for dette må det arbeidast vidare med alternativ 1 , men der ein må avklare korleis ein i praksis skal avgrensa aktiviteten til alpin skikøyning og med nedfart i same område som folk vert trekt opp. Vidare vil det vera trong for eit utdjuping av kva som ligg i omgrepet «...,med utgangspunkt i eksisterande alpinanlegg»

Saksprotokoll i Villreinnemnda for Setesdalsområdet - 18.11.2015

Framlegg til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Villreinnemnda syner til høyringsbrev frå Miljødirektoratet datert 29.10.2015. Villreinnemnda har følgjande merknadar i saka:

- *Endringa i motorferdsellova m/forskrift slik det nå vert foreslått vil kunne opne nye innfartsårer til fjellområda uavhengig av kommunale sti- og løypeplanar. Inga av dei to alternativa som er foreslått sikrar i tilstrekkeleg grad at aktiviteten vert avgrensa til alpin skikøyning og der aktiviteten vert avgrensa til køyning ned i dei same områda som folk vert trekt opp.*
- *Opning for catskiing, i tillegg til tidlegare endring som er gjort i høve til snøcooterløyper for rekreasjonskøyning, opnar for ein monaleg auka motorisert tilgang til fjellområda. Villreinnemnda ber om at ein først gjer seg erfaringar med snøscooterløyper før ein eventuelt opnar for ytterligere motorisert aktivitet. Villreinnemnda syner her til høyringsbrevet der det går fram at det ikkje er grunnlag for å si noe om korleis omsynet til den samla belastninga på tvers av kommunegrenser vert ivaretatt gjennom regelverket for snøscooterløyper.*

Ut frå nemnde punkt og argument i saka vil villreinnemnda ikkje tilrå at det vert opna for catskiing. Om det likevel er ønskjeleg å legge til rette for dette må det arbeidast vidare med alternativ 1 , men der ein må avklare korleis ein i praksis skal avgrensa aktiviteten til alpin skikøyning og med nedfart i same område som folk vert trekt opp. Vidare vil det vera trong for eit utdjuping av kva som ligg i omgrepet «...,med utgangspunkt i eksisterande alpinanlegg»

Kopi til:

Miljødirektoratet
Fylkesmannen i Vest-Agder
Fylkesmannen i Aust-Agder
Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Rogaland
Fylkesmannen i Telemark
Vest-Agder Fylkeskommune
Aust-Agder Fylkeskommune
Rogaland Fylkeskommune
Telemark Fylkeskommune
Hordaland Fylkeskommune
Villreinnemndene



EVENTUELT

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
C83	2015/30	Jørn Haug	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
15/21	Villreinnemnda for Setesdalsområdet	18.11.2015

Saksprotokoll i Villreinnemnda for Setesdalsområdet - 18.11.2015

- Erfaringar frå nemnda sitt arbeid siste periode vart drøfta. Sekretær lagar eit notat som ny nemnd kan nytte. Tema: aktuelle arbeidsoppgåver framover samt erfaringar med organiseringa av nemndsarbeidet siste periode.
- Økonomi: overskot på årets budsjett vert sett av til GPS-prosjektet. Trong for bruk av midlar til teljing på Setesdal Austhei, samt nordområda SR, men her tek ein sikte på å nytte ordinære tiltaksmidlar i 2016. Villreinlaga er informert om dette.
- Frist for innlevering av krav om møtegodtgjersle og reiserekning må sendast Tor Punsvik seinast 26/11-15. Sekretær sender ut mail om dette.